

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 5. juni kl 09.30

Stord Hotel

Sak 30/20 a)

GJG

Høyringsinnspel til planprogram Regional transportplan 2022 – 2033 for Vestland

Vestland fylkeskommune har meldt oppstart på arbeidet med utforming av Regional transportplan for Vestland. Planprogrammet er lagt ut på høyring, med frist 14. juni. Planprogrammet skisserer føremålet med planen, organisering, utfordringsbilete og utgreiingsbehov.

Grunna fylkessamanslåing, nye fylkeskommunale arbeidsoppgåver innan samferdselssektoren og eit behov for og avklara korleis det nye fylket skal løysa oppgåvene innan samferdslesektoren, vedtok fylkesutvalet i PS 22/2019 at arbeidet med Regional transportplan skulle starta:

«Arbeidet med ein felles regional transportplan startar opp parallelt med planstrategien. Det vert lagt til grunn at planstrategien vert vedteken før ny regional transportplan slik at føringar i planstrategien vert lagt til grunn for planen.»

Ei rekke nasjonale og regionale planar legg føringar for arbeidet med RTP for Vestland. Nasjonal transportplan, utviklingsplanen for Vestland, samt berekraftsmåla til FN vert særleg trekt fram som viktige føringar.

Den regionale planen skal i samsvar med pbl § 8-2 leggest til grunn for regionale organ si verksemd, samt for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen.

Regional transportplan for Vestland skal:

- Utarbeide mål og delmål for samferdselssektoren i Vestland
- Utarbeide strategiar
- Definere overordna føringar for fordeling av midlar, tiltak og satsingsområde
- Samle styringsdokument innafor samferdselssektoren i Vestland fylke
- Vurdere behovet for retningslinjer for arealbruk knytt til mellom anna trafikktryggleik, kollektivbetening og avkøyrslar

Planprogrammet skisserer fem plantema

- Fylkesvegnettet
- Mobilitet og kollektivtransport
- Miljøløftet
- Finansiering
- Nasjonale ansvarsområde

Planarbeidet skal ta tak i nokre felles problemstillingar som må løysast på ulike måtar

- Korleis skal fylkeskommunale midlar prioriterast innan samferdselssektoren?
- Korleis skal kollektivtransporten utviklast?
- Korleis skal vi sikre mobiliteten til innbyggjarar samstundes som vi skal nå nullvekstmålet i Bergensområdet?
- Korleis skal samferdselssektoren bygge opp under ein sterk vestlandsregion?
- Korleis skal fylkeskommunen prioritere i sine innspel til nasjonale styresmakter i samband med utarbeiding av neste NTP?

Vestland fylkeskommune sin visjon om å vera berekraftig og nyskapande skal vera synleg i planen. Siktemålet er at planen skal bli eit godt verkemiddel for å koordinere statleg, fylkeskommunal og kommunale interesser og dermed få eit heilskapleg utviklingsperspektiv innanfor samferdslesektoren.

Offentleg ettersyn

I høyringa ber fylkeskommunen særleg om tilbakemeldingar på:

- Er formålet med planarbeidet tilstrekkeleg omtala?
- Dekker dei skisserte plantema det utfordringsbilete vi har innafor samferdselssektoren i Vestland?
- Innspel om behov for ny kunnskap, altså andre utgreiingsbehov?
- Kommenterar til organisering, prosess og medverknad

Utviklingsplan for Vestland / regional transportplan(RTP)

For å nå dei fire måla i Utviklingsplan for Vestland er transport og infrastruktur heilt avgjerande.

For å skapa gode lokalsamfunn og fremje verdiskaping skal infrastrukturen legge til rette for trygg og tilgjengeleg mobilitet for alle. RTP skal peike på korleis fylket skal jobbe med rassikring, universell utforming av tilbod og trafikksikring for alle, med fokus på dei mjuke trafikantane.

RTP må ta omsyn til den krevjande økonomiske situasjonen fylkeskommunen no står i, og er venta å stå i åra framover, og skissere korleis fylkeskommunen skal ivareta sitt ansvar.

Det er fleire grenseflater mellom dei ulike plantema. Heile planen er eit verktøy for å sikre god mobilitet for innbyggjarar, besøkande og næringslivet i heile Vestland.

Rammer for planarbeidet

Nasjonale føringar

- Nasjonal transportplan 2018 – 2029 og 2022 - 2033
- Nasjonal gåstrategi 2012
- Nasjonal sykkelstrategi 2014 - 2023
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023
- Statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging 2014
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing 2018
- Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018 -2021
- KVV E39 Akrdal-Bergen 2011
- KVV RV15 Strynefjellet 2016
- Moglegheitsstudie om kryssing av Sognefjorden 2011
- KVV E39 Skei-Ålesund 2011
- KVV for Bergensområdet 2011
- KVV for logistikknutepunkt i Bergensområdet 2015
- KVV for Gol-Voss 2016

- KVU for Arna-Voss 2014

Regionale føringar

- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Masterplan Bergen lufthamn Flesland 2014 - 2021
- Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser 2017 - 2020
- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017
- Regional plan for klimaomstilling for Sogn og Fjordane 2018 - 2021
- Klimaplan for Hordaland 2014 - 2030
- Regional plan for folkehelse for Sogn og Fjordane 2015 – 2025, og Hordaland 2014 - 2025
- Regional plan for areal og transport på Haugalandet, vedtatt 2016
- Regional plan for attraktive senter 2015 - 2026
- Regional planføresegn for handel 2017
- Godsanalyse for Vestlandet

Vurdering

Regional transportplan skal formulera mål og strategiar som gjer føringar for eit framtidig godt transportsystem både i byane og distrikta. Føringane som blir utforma i RTP skal ligga til grunn når kommunar og regionar lagar planar for samferdsleområder.

Planen skisserer fem plantema som blir særleg omtala. Utfordringane er skildra under kvart tema, og det er definert ulike utgreiingsbehov til same tema.

Administrasjonen meiner at desse plantema er dekkande for å sikra eit godt transportsystem.

Ein del av tema i planprogrammet er heilt sentrale for Sunnhordland, og ein finn dei att i Handlingsplan for Samarbeidsrådet for 2020.

Der er det blant anna eit mål om å sikra finansiering til lokale og regionale veganlegg ved å utarbeida ein strategi for korleis ein sikrar midlar til fylkesvegnettet i regionen.

Under tema drift, vedlikehald og investeringar i fylkesvegnettet er der og lagt inn eit punkt «Investeringstiltak»:

«I regional transportplan skal det utarbeidast kriterium for prioritering av investeringstiltak på fylkesvegnettet. Basert på dette og dei korridorvise utgreiingane skal det utarbeidast lister over prioriterte prosjekt etter ulike kategoriar av tiltak.»

Denne posten må Samarbeidsrådet vera svært observant på, denne vil erstatta tidlegare RTP si inndeling i «Overordna vegnett og øvrig vegnett» der det var utfordring i å få midlar til vegar under kategorien øvrig vegnett. Administrasjonen meiner at regionen bør vera i forkant her, og gjera ei nødvendig kartlegging og ei prioritering av veganlegg i Sunnhordland.

Utfordringane for Sunnhordland er å sikra at Sunnhordland for gode representantar som kan vera aktive inn i utforminga av sjølve planen. Dette må difor vera ein del av uttalen til Samarbeidsrådet.

Framlegg til uttale

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har drøfta Planstrategi for Regional transportplan Vestland 2022-2033.

Samarbeidsrådet meiner at føremålet med planen er tilstrekkeleg omtala, og dei plantema som er teken opp er dekkande for eit godt transportsystem.

Samarbeidsrådet vil peika på følgjande:

- I kunnskapsgrunnlaget under punkt om reisevanar er det viktig å få med Bergen som knutepunkt for hurtigbåt mellom sør og nordfylket.
- Samarbeidsrådet meiner utgreiingsbehova under kapitel 4.1.2 Drift, vedlikehald og investeringar i fylkesvegnettet er dekkande, men at involvering av kommunane i dette arbeidet er heilt naudsynt.
- Samarbeidsrådet støttar at det gjennom arbeidet med Regional transportplan skal greiast ut konsekvensar av og tiltak knytt til ny teknologi. Manglande standardisering av ladestasjonar for elferjer er blitt ein ny utfordring, og kunne vore unngått om ein tidleg såg konsekvensane av innføring av ny teknologi.
- Samarbeidsrådet meiner at punkt 4.4.3 har ei for defensiv tilnærming, og at dette vert forsterka under utgreiingsbehov. Ferjeavløysingsmidlar gjer moglegheit for mobilitet for fleire øysamfunn, og tiltaket kan vanskeleg bli vurderte opp mot andre prioriterte prosjekt innan vegområdet.

Samarbeidsrådet ber om at rådet vert representert i arbeidet med Regional Transportplan for 2022-2033.

Framlegg til vedtak

Samarbeidsrådet støttar uttalen slik den ligg føre.